



Harpefossen

Rundtur Slåttefjellet

9 km

Tur nr. 3

www.harpefossen.no/turar



3 t

Lett topptur med god utsikt i alle retningar. Du går gjennom idylliske setermiljø, bjørk- og furuskog til høgfjellsterreng, for så å returnere gjennom den slake Tippadalen.

Stikryss

Harpefossen – Tippasetra – Nakkesetra – Resenden – Heia – Slåttefjellet – Tippaskaret – Botnareset – Heia – Nakkesetra – Tippasetra - Harpefossen

Turbeskriving

Frå parkeringsplassen ved Tippabrua på Harpefossen (Varmestova) går turen på grusveg 1,0 km til Nakkesetra. Her tek ein av rett sørover opp til toppen av setra og vidare oppover på tydeleg sti 1,4 km til Heia. Vidare rett oppover på stien austover langs ryggen som flatar ut der løypa svingar til høgre sør i eit myrområde oppover lia. Løypa svingar so austover att før den slakt svingar seg inn på toppen av Slåttefjellet (909 moh) frå aust, 1,1 km frå Heia. Frå toppen er det god utsikt i alle retningar. Frå toppen ned til Tippaskaret går stien mot sør aust før den svingar nedover på skrå langs lia 1,1 km mot sørvest og skiltkrysset øvst i Tippaskaret. Vegen ned er litt luftig ned mot Tippadalen på høgre hand og med flott utsikt ned til Fossevatnet og Fossesetra på venstre side. Frå Tippaskaret svingar løypa seg 0,7 km på sørsla av grova ned mot til Botnareset øvst i Tippadalen. Her tek løypa av frå ein tydeleg sti relativt flatt langs skogkanten på utslektet sti fram til ein møter den tydelege stien ned frå Slåttefjellet på Heia 1,0 km lenger framme. Herifrå fylgjer ein same veg tilbake til Harpefossen.

Turen passer for alle som er i rimeleg god form og med skikkelige fjellsko.

